

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd****2017/EØS/62/03**

av 27. mars 2013

**om oppheving av vedtak 2003/135/EF, 2004/832/EF og 2005/59/EF om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest og naudvaksinasjon av viltlevande svin i Tyskland, Frankrike og Slovakia***[meld under nummeret K(2013) 1741]***(Berre den franske, tyske og slovakiske teksta er gyldige)**

(2013/164/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 16 nr. 1, artikkel 20 nr. 2, artikkel 25 nr. 3 og artikkel 29 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2003/135/EF av 27. februar 2003 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei tyske delstatane Niedersachsen, Nordrhein-Westfalen, Rheinland-Pfalz og Saarland<sup>(2)</sup>, kommisjonsvedtak 2004/832/EF av 3. desember 2004 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i dei nordlege delane av Vogesane i Frankrike<sup>(3)</sup> og kommisjonsvedtak 2005/59/EF av 26. januar 2005 om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia<sup>(4)</sup> vart vedtekte etter at det var stadfesta førekomst av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse regionar av høvesvis Frankrike, Tyskland og Slovakia. Ved desse vedtaka vart det godkjent planar for utrydding av klassisk svinepest og naudvaksinasjon av viltlevande svin mot denne sjukdommen i dei nemnde medlemsstatane.
- 2) Ved kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/761/EU av 30. november 2012 om godkjenning av årlege og fleirårige program som medlemsstatane har lagt fram for 2013 med sikte på utrydding, motkjemping og overvaking av visse dyresjukdommar og zoonosar, og

om den finansielle støtta frå Unionen til slike program<sup>(5)</sup> vart m.a. programma for motkjemping og overvaking av klassisk svinepest som Tyskland og Slovakia har lagt fram, godkjende.

- 3) I 2011 melde Frankrike og Slovakia frå til Kommisjonen og medlemsstatane om den gunstige situasjonen med omsyn til klassisk svinepest på territoriet sitt. Etter dei opplysningane som vart lagde fram, hadde det lukkast å utrydde klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei aktuelle områda i desse medlemsstatane. Dessutan melde Tyskland frå til Kommisjonen og medlemsstatane i 2012 om at det hadde lukkast å utrydde klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei aktuelle områda i denne medlemsstaten.
- 4) Ifølgje dei opplysningane som er lagde fram av Frankrike, Tyskland og Slovakia, vart naudvaksinasjonen av viltlevande svin stansa. Dessutan vert det, som del av dei programma som er godkjende ved gjennomføringsavgjerd 2012/761/EU, halde ved lag eit høgt nivå for overvaking i dei områda som før var råka av sjukdommen. Dei tiltaka som er fastsette i planane for utrydding av klassisk svinepest og naudvaksinasjon av viltlevande svin mot denne sjukdommen, og som er godkjende for desse medlemsstatane, er difor ikkje lenger naudsynte.
- 5) Av omsyn til klarleik og samanheng i unionsregelverket bør difor vedtak 2003/135/EF, 2004/832/EF og 2005/59/EF opphevast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE avgjERDA:

*Artikkel 1*

Vedtak 2003/135/EF, 2004/832/EF og 2005/59/EF vert oppheva.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 91 av 3.4.2013, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 136/2013 av 15. juli 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 72 av 19.12.2013, s. 6.

<sup>(1)</sup> TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

<sup>(2)</sup> TEU L 53 av 28.2.2003, s. 47.

<sup>(3)</sup> TEU L 359 av 4.12.2004, s. 62.

<sup>(4)</sup> TEU L 24 av 27.1.2005, s. 46.

<sup>(5)</sup> TEU L 336 av 8.12.2012, s. 83.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til Sambandsrepublikken Tyskland, Republikken Frankrike og Republikken Slovakia.

Utferda i Brussel, 27. mars 2013.

*For Kommisjonen*

Tonio BORG

*Medlem av Kommisjonen*

---